

Korleis ta urinprøve til klamydiatest:

Du kan ta prøven om morgonen eller i løpet av dagen. Det skal ha gått **minst ein time** sidan siste toalettbesøk.

1. Dei **første urindropane** (20-30 ml) skal samlast i eit reint glas, plastbeger eller liknande.




Ikkje fyll på meir urin enn vist på biletet, elles blir prøven usikker.

2. Bruk pipetta som ligg i prøvesettet og overfør 2 ml urin til prøveglaset.



3. Fyll på urin slik at øvste nivå ligg mellom dei to svarte strekane, ikkje meir, ikkje mindre.
Skru korken godt fast etterpå.



4. Set prøveglaset opp i transporthylsa og **send prøven i posten same dag.**

